



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Dato: 13.04.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

PARKERING PÅ STATLEG SIKRA FRILUFTSOMRÅDE PÅ FURSETFJELLET OG PARKERINGSavgIFTA

Vi viser til dykkar brev av 24.03.2021 (dykkar ref 2021/1176) om den statlege eigde parkeringsplassen på Fursetfjellet og parkeringsavgifta der.

Vi har i brev av 12.04.2021 fått Sivilombodsmannen sine synspunkt på denne saka (sjå vedlegg). Vidare er vi orientert om brev av 16.11.2020 frå Klima- og Miljødept. og brev av 11.12.2020 frå Miljødirektoratet der det vart klargjort forholda rundt parkeringsavgifter og friluftslovens § 14. På dette grunnlag ber vi Statsforvalteren i Møre og Romsdal om ei vurdering om ikkje Gjemnes kommune skal krevje rekneskap frå idrettslaget for drifta av parkeringsplassen.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi: Gjemnes kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune